

## **Følgjande reviderte statuttar for Kultur- og frivilligprisen er utarbeidde:**

1. Den kommunale kultur- og frivilligprisen for Etne kommune skal vera på kr. 10.000 og delast ut ein gong pr. år, så sant det finnes verdige kandidatar.
2. Prisen kan utdelast til personar, lag eller organisasjonar som har gjort ein aktiv innsats for å styrke kulturlivet og/eller frivillig arbeid innan kommunen, eller som har bidrege til å gjere Etne kommune kjend utover landet på det kulturelle plan.
3. Personar busett i og utanfor kommunen kan komme i betraktning ved utdeling av prisen, for lag og organisasjonar gjeld at dei skal ha sin hovudaktivitet innafor Etne kommune.
4. Alle greiner av idrett/kultur- og frivillighetslivet skal reknast som likeverdige.
5. Dersom det eitt år ikkje delast ut kultur- og frivilligpris, skal prisbeløpet setjast på egen konto og utdelast neste år - om det er kvalifiserte kandidatar. Rentene av inneståande beløp går inn i kommunekassens sitt rekneskap. Kultur- og frivilligprisen kan ikkje delast på fleire kandidatar.
6. Forslag til kandidatar til prisen kan fremjast av enkelt personar og organisasjonar og elles dei som måtte ynskje det. Forslaga skal meldast inn med grunngjeving på særskilt skjema til kultureininga i Etne kommune.
7. Sak med oversyn over føreslegne kandidatar vert lagt fram for komité Drift utan tilråding.
8. Komité Drift sitt vedtak om kven som vert tildelt prisen skal være grunngjeven. Vedtaket er endelig, og er ikkje gjenstand for prøving.
9. Tildelinga av prisen bør gjennomførast i samanheng med eit arrangement og prisen utdelast før utgangen av året. Komité Drift bør i sitt vedtak også seie noko om korleis tildelinga skal skje. Ordføraren skal førestå overrekkinga.
10. Komité Drift annonserar prisen kvart år innan utgangen av september månad.